Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 21.10.2022
Vår ref: 2018/1317
Stad: Bergen
Dykkar ref: Bjarte Barane

RAGN SELLS AS AVD MONGSTAD
Postboks 453
1471 LØRENSKOG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Nina Vadøy, 5557 2316

Rapport frå inspeksjons ved Ragn Sells AS avd Mongstad

Kontrollnummer: 2022.155.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Bjarte Barane, Lars Henning Kausland

Frå Statsforvaltaren i Vestland:
Nina Vadøy, Gunn Helen Henne, Tonje Olsen Totland

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Ragn Sells AS avd Mongstad den 11. oktober 2022. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 2 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen.

Avvik:

1. Verksemda held ikkje alle krav i løyvet
2. Internkontrollen for ytre miljø er mangelfull

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Nina Vadøy
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: Alver kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Ragn Sells AS avd Mongstad	
Organisasjonsnr.: 918 473 106	**Eigd av:** 952 187 627
Bransjenr. (NACE-kode): 38.110 – Innsamling av ikke-farlig avfall	

Kontrollert eining

Namn: Ragn Sells AS avd Mongstad	**Anleggsnr.:** 4631.0131.01
Kommune: Alver kommune	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Avfall - mottak, mellomlagring og sortering	
Løyve gitt: 31.07.2019	**Sist endra:** 14.04.2020

Kontrollert eining

Namn: Ragn Sells AS avd Mongstad	**Anleggsnr.:** 4631.0131.02
Kommune: Alver kommune	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Farleg avfall – mottak og mellomlagring	
Løyve gitt: 31.07.2019	**Sist endra:** 14.04.2020

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- handtering av avfall, inkludert farleg avfall
- internkontroll med vekt på miljørisikovurdering, avvikshandtering og rutinar
- utsleppskontroll
- krav i løyvet etter forureiningslova

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar
Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Ragn Sells AS avd Mongstad pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 1. februar 2023** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 8. august 2022. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Ragn Sells AS avd Mongstad betale eit gebyr på 28 100 kr for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett
Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp*, www.norskeutslipp.no.

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda har brote enkelte av vilkåra i løyvet

Avvik frå:
Løyvet

- Punkt 2.7 om krav til opplæring og kompetanse
- Punkt 4.4 om utgreiing av utslepp til vatn
- Punkt 8.1 om vurdering av forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn
- Punkt 10 om energileiingssystem

Kommentarar til regelverket
Opplæring og kompetanse
Verksemda plikter å sjå til at anlegg og installasjonar blir drive av personar med nødvendig opplæring og kompetanse. Dette skal dokumenterast.

På anlegget skal ein ha særskild kompetanse på farleg avfall og EE-avfall med opplæring og oppdatert kompetanse om regelverk og handtering for alle medarbeidarar som skal handtere avfall.

Fristar i løyvet
Verksemda har krav i løyvet knytt til følgjande fristar:

- Sende vurdering av forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn i samsvar med trinn 1-4 i Miljødirektoratets rettleiar M-630|2016 innan 1. juli 2020 (punkt 8.1 i løyvet)
- Ha etablert system for energileiing innan 1. januar 2020 (punkt 10 i løyvet)
- Sende utgreiing av utslepp til vatn innan 1. januar 2021 (punkt 4.4 i løyvet).

Observasjonar
Opplæring og kompetanse
Verksemda har ikkje skriftleg dokumentasjon på at tilsette som utfører mottakskontroll og handterer avfall på anlegget har opplæring og oppdatert kompetanse om regelverk og handtering av farleg avfall og EE-avfall.

Fristar i løyvet
Verksemda har ikkje utført og sendt inn følgjande til Statsforvaltaren:

- vurdering av forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn i samsvar med trinn 1-4 i Miljødirektoratets rettleiar M-630|2016
- utgreiing av utslepp til vatn

Verksemda har ikkje etablert energileiingssystem.

Avvik 2: Internkontrollen for ytre miljø er mangelfull

Avvik frå:
Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd:

- Punkt 6 om risikovurdering og handlingsplan
- Punkt 7 om rutinar og avvikshandtering
- Punkt 8 om overvaking og gjennomgang

Internkontrollforskrifta § 6 om samordning

Løyvet datert 31. juli 2019, sist endra 14. april 2020 punkt 12.1 om miljørisikoanalyse

Kommentarar til regelverket
Risikovurdering – § 5 andre ledd punkt 6
Verksemda skal kartleggje farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal verksemda utarbeide handlingsplan og konkrete tiltak for å redusere risikoforholda. I handlingsplanen skal det gå fram tiltak, ansvarleg og frist for når tiltaka skal vere gjennomført for å redusere risiko. Når verksemda gjennomfører ei miljørisikovurdering, vil kunnskap og erfaringar knytt til drifta vere viktig å få fram. Risikovurdering og handlingsplan skal dokumenterast skriftleg.

I løyvet under punkt 12.1 er det særskilte krav til innhald i risikovurderinga:

- All behandling, handtering og lagring av avfall skal vere basert på risikovurdering.
- Verksemda skal gjennomføre ei luktrisikovurdering i samsvar med rettleiar TA 3019/2013, vedlegg 3[1]

Rutinar og avvikshandtering – § 5 andre ledd punkt 7
Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på miljøregelverket. Rutinane må vere dokumentert slik at dei kan inngå i internkontrollen. Avviksregistrering er viktig for å hindre gjentaking av feil og manglar. Rutinar og avvikshandtering skal dokumenterast skriftleg. Rutinane skal sikre at vilkår i løyvet blir haldne.

Overvaking og gjennomgang – § 5 andre ledd punkt 8
Verksemda skal utføre systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som den skal. Overvaking og gjennomgang skal dokumenterast skriftleg.

Samordning – internkontrollforskrifta § 6
Når fleire verksemder utfører arbeid på same arbeidsplass, skal dei, når det er nødvendig, skriftleg avtale kven av dei som skal ha ansvaret for å samordne internkontrollen for deira felles aktivitetar eller område. Kjem slik avtale ikkje i stand, kan tilsynsmyndigheita bestemme kven av dei som skal ha dette ansvaret.

[1] Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven, TA 3019/2013

Observasjonar

Risikovurdering

Verksemda har skriftleg risikovurdering og har risikovurdert fleire tema innanfor ytre miljø. Det manglar dokumentasjon på at følgjande er risikovurdert:

- all behandling, handtering og lagring av avfall, jf. punkt 12.1 i løyvet
- utandørs mottakskontroll
- utandørs lagring av følgjande avfallstypar:
    - metall og glas
    - trevirke
- lagring av lysarmatur med lysstoffrøyr saman med anna EE-avfall
- lukt i samsvar med rettleiar TA 3019/2013, vedlegg 3[2]

Det går ikkje fram av risikovurderinga at Ragn Sells AS avd Mongstad har vurdert om det er behov for samordning av internkontroll for ytre miljø med Norscrap West AS. Desse to verksemdene delar til dømes hall, uteareal og oljeutskiljar. Fleire tema kan vere aktuelle å samordne, til dømes lukt, støv, overvasshandtering, overvaking av utslepp til vatn og tilgangskontroll.

Rutinar

Verksemdas skriftlege rutinar gjeld for alle avfallsanlegga til konsernet Ragn Sells AS, men omtaler ikkje korleis verksemda skal førebyggje brot på krav som er spesielle for dette anlegget. I rutinen for mottakskontrollen er det vist til løyvet til anlegget. Løyvedokumentet er lite eigna som rutine for daglege oppgåver.

Rutinane er i stor grad basert på munnleg kommunikasjon mellom leiinga og dei tilsette. Verksemda opplyste under tilsynet at dei tilsette skal få tilgang til ein app som vil gjere avviksmelding og rutinane som gjeld for den enkelte lettare tilgjengeleg.

Verksemda manglar følgjande skriftlege rutinar:

- rutinar for daglege driftsoperasjonar
- rutine for handtering av eigenprodusert farleg avfall
- program for utsleppskontroll for Mongstad

Avvikshandtering

Verksemda har ei overordna skriftleg rutine for avvikshandtering som gjeld for alle Ragn Sells AS sine avfallsanlegg. I rutinen er det ikkje spesifisert kva som skal førast som avvik på anlegget på Mongstad. Det er to tilsette som utfører den daglege drifta på avfallsanlegget på Mongstad. I løpet av 2019, 2020, 2021 og 2022 er det ført to avvik som gjeld ytre miljø på avfallsanlegget.

Overvaking og gjennomgang

Verksemda har regelmessig gjennomgang av krav (samsvarsvurdering), men systemet har ikkje fanga opp at verksemda ikkje har heldt tre fristar i løyvet. Systemet har heller ikkje fanga opp at det er nødvendig med anleggsspesifikke rutinar for anlegget til Ragn Sells AS avd Mongstad.

[2] Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven, TA 3019/2013

7. Merknader

Vi gav ingen merknader under inspeksjonen.

8. Andre forhold

Endring av løyvet
Verksemda ønsker å søke om endra vilkår i løyvet, då dagens drift ikkje er i samsvar med delar av løyvet. Verksemda opplyste mellom anna at

- anlegget har berre SAR som kunde
- avfall blir lagra i kort tid (om lag 1 veke) og i mindre mengder (om lag 30 tonn)
- det blir ikkje tatt imot farleg avfall
- EE-avfall blir ikkje miljøsanert

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren